



Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 Austrheim


Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/721 - 22/11993

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
10.02.2022

## Oversender saksutgreiing som gjeldt konsesjon gbnr 161/8 Øksnes - Austrheim

Oversende framlegg til saksutgreiing konsesjonssak, som det er fint om Austrheim kommune legg inn i sitt saksystem og sender ut vedtak. Dersom noko av arealet ikkje skulle vera LNF-område ber me om at dette vert retta i saksutgreiinga.



SAKSUTGREIING:

### **Innvilga konsesjon for overtaking av gbnr 161/8 Øksnes – Austrheim**

Framlegg til vedtak

*Austrheim kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Odd Martin Haugen for overtaking av gbnr 161/8 på Øksnes i Austrheim. Den avtala kjøpesummen er på kr. 3 600 000.*

*Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga over.*

*Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjar vil få melding når dette er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing.*

### **Saka gjeld**

Odd Martin Haugen søker konsesjon for overtaking av gbnr 161/8 på Øksnes i Austrheim. Den avtala kjøpesummen er på kr. 3 600 000. Søkjar eig frå før bustad på Hoplandssjøen 65

Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå rådmannen. Konsesjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

Føremålet med kjøpet er å fornya og rehabilitera bygningane på bruket, oppgradera veg samt sjå på moglegheit for å få til opplevingar for ferie og utleige.

### **Fakta om bruket**

Planstatus: Konsesjonsbruket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde)

Eigedomen har våningshus bygd i 1875 i middels stand og løe bygd i 1890 i dårleg stand. I tillegg er det garasje med ukjent byggjeår i dårleg stadn og naust frå 1918 i dårleg stand.

I følgje gardskart er det 9, 1 daa dyrka jord, 40,5 daa produktiv skog og 76,9 daa anna areal. Eigedomen består av i alt 18 teigar og 12 av desse er øyar og areal som er eigd saman med andre (uregistret jordsameige. Samla areal på 61,7 daa.

Eigedomen har vore fråflytta og utan drift i mange år.

### **VURDERING:**

Søknaden er vurdert i høve til konsesjonslova og rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Konsesjonslova § 1 har som *føremål* å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve

som er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga.

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjerse av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkjar:

1. *om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling*  
Det går fram av rundskriv M1/2021 frå Landbruks- og matdepartementet at bebygde landbrukseigedomar som har mindre enn 35 daa fulldyrka eller overflatedyrka jord og skal nyttast til landbruksføremål ikkje skal pris vurderast. Denne eigedomen fell inn under dette.
  2. *om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i området*  
Eigedomen er konsesjonspliktig fordi den er over 100 daa. Den har mindre enn 35 daa fulldyrka og overflatedyrka, og er difor ein eigedom som ikkje har lovbestemt buplikt. Eigedomen har så lite landbruksressursar at det i tråd med gjeldande forvaltningspraksis ikkje er aktuelt å setja vilkår om buplikt
  3. *om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing*  
Eigedomen har små jordbruksressursar, men det er positivt at søkjar ynskjer å ta vare på bygningane og halda eigedomen ved like. Rådmannen vurderer at overtakinga vil gje ei driftsmessig god løysing.
- Får 01. juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp mot erverv av eigedom. Nye eigarar må innan eitt år ta stilling til om dei vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet.
4. *om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen.*  
Søkjar er maskinførar og anleggsgartnar. Rådmannen vurderer han som skikka til å drive eigedomen.
  5. *Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet*  
Ressursane skal disponerast på ein slik måte at produksjonsevne og utnyttingsevne vert teke vare på. Søkjar gjev inntrykk av å ha både interesse og kunnskap til å ivareta både bygningar, produksjonsevne og kulturlandskapet på bruket. Rådmannen vurderer at overtaking vil ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering vert konsesjon innvilga som omsøkt.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Austrheim kommune

Sætre marka 2

5943

Austrheim